



Referat møte i Team Hardanger, mandag 09.12.2024 i Granvin

Møtte:

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune - Leiar
Randi Rykkje, Ullensvang kommune - Nestleiar- digitalt
Jan Tjosås, Kvam herad
Mona Hellesnes, Ulvik herad
Christel Johansen Kvamme, Ullensvang næringshage
Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord
Gry Bystøl, Visit Voss - berre saka om besøksbidrag
Trude Rinaldo, Hardangerrådet iks

Saksliste:

1. Besøksbidrag

Frå dialogen i møtet

Team Hardanger (TH) drøfta om felles uttale for Hardanger er ønskjeleg, og svaret er ja. Uttalen skal vera basert på drøftingane i dette møtet, og ber Hardangerrådet senda den inn. TH påpeikar at den korte svarfristen er uheldig for gode demokratiske prosessar i kommunane. Det burde vore betre tid til handsaming med eit så viktig tema.

Kommunane ønskjer besøksbidrag og ser på forslaget som velkoment, men påpeikar ulike moment som bør korrigerast før lova vert vedteken.

- Det må vera rom for sesongdifferansiering.
- Det bør differensierast mellom fritidsreisande og yrkesreisande.
- Besøksbidraget slik det er føreslått rammer ein spesifikk bransje og det bør snarast korrigeres slik at bubil turistar og cruise vert inkludert i besøksbidraget.
- Besøksbidraget må ha eit tak pr døgn med prosentbasert bidrag. Kommunane bør også kunna velga flat takst/dagsats.
- Formålet til lova bør også å vera eit verktøy i besøksforvaltninga til f.eks å styra gjestetrafikken.

Den nye lova burde vore eit styringsverktøy for kommunane og del av besøksforvaltning, der ein også kunne styra trafikken. Slik det er lagt opp no, er det berre ein fellesgodefinansiering. Viktig punkt for at det også vart eit verktøy er innkreving frå fleire typar turistar.

For Hardangerregionen er det viktig at kommunane har like vedtak på faktisk besøksbidrag,

Næringslivet v/ Visit Hardangerfjord påpeikar at dei ønskjer besøksbidrag men at forslaget ikkje er godt nok, og at det rammar medlemmene skeivt, som er uheldig. Turistar som ikkje er tekne med i dette forslaget er blandt anna cruise og villcamping. Ein prosentsats rammar også svært ulikt, då 5 % av ei hotellovernatting i det høge segmentet må betala mykje meir enn ein campingturist.

Voss deltok også på møtet. På generell basis har næringslivet på Voss i sin reiselivsstrategi ønska besøksbidrag velkomen. I likheit med Hardanger er næringslivet på Voss ueininge i at berre ein type gjester skal stå for innbetaling av denne skatten, då det vert urettvist. Dei meiner også det er utfordrande at kvar kommune sjølv kan bestemma om denne skatten skal krevjast inn.

Det er føreslått at avgifta ikkje kan differansierast gjennom året. Det er TH ueininge i, ein må kunna sesongdifferansiera. Viser til turiststader med lov om søndagsopne butikkar i sesong, det er sesongdifferansiert. Hardanger ser ikkje noko hinder for å sesongdifferansiera besøksbidraget og vil at dette skal skrivast inn i lova no.

Forslag til felles uttale frå Team Hardanger til Hardangerrådet:

Team Hardanger (TH) ønskjer å drøfta felles uttale for Hardangerregionen, og ber Hardangerrådet senda inn uttale på vegne av regionen til høyringa:

Hardangerkommunane ønskjer besøksbidrag velkoment, men påpeikar ulike moment som bør korrigerast før lova vert vedteken.

Me meiner også at den korte svarfristen er uheldig for gode demokratiske prosessar i kommunane, som det burde vore tid og anledning til, med eit så viktig tema.

Desse momenta er viktig for våre kommunar og me ber dykk endra forslaget med punkta under:

- Det må vera rom for sesongdifferansiering.
- Det bør differensierast mellom fritidsreisande og yrkesreisande.
- Besøksbidraget slik det er foreslått rammer ein spesifikk bransje og det bør snarast korrigeres slik at bubil turistar og cruise vert inkludert i besøksbidraget.
- Besøksbidraget må ha eit tak pr døgn med prosentbasert bidrag. Kommunane bør også kunna velga flat takst/dagsats.
- Besøksbidrag skal vera eit verktøy for besøksforvaltning. Slik lova er formulert i forslaget, ser me ikkje det.
- Formålet til lova bør også vera å kunne styra gjestetrafikken i kommunen.

2. Arendalsveka 2025

Team Hardanger vart einige om at me formidlar diskusjonen om deltaking på Arendalsveka til ny dagleg leiar i Hardangerrådet og at me ser for oss at dette evt kan vera aktuelt i 2026. I 2025 er det val og mykje av merksemda vil vera retta mot politisk miljø. Me ynskjer å vera godt førebudd med formålet, tema og kva me evt. ynskjer å oppnå med deltakinga, og at Hardangerregionen deltek saman med Voss.

Referant Trude L. Rinaldo